

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvaleg	Møtedato
	Kommunestyret	01.02.2018

Alpinplanar i Bøverdalen - innspel til arealdelen frå Per Tore Berg**Vedlegg:**

- 1 Innspel til kommuneplanens arealdel
- 2 Orientering om forprosjekt
- 3 Yttergrense og gondolbanar
- 4 Løypetrasear og hyttefelt

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Alpinplanane i Bøverdalen er fortsatt i ei tidleg fase, og eit forprosjekt må på plass før det er mogleg å sjå både realismen og konsekvensane av prosjektet. Det er derfor for tidleg for kommunestyret å ta ei endeleg stilling til forslaget. Blir planane om eit alpinanlegg i Bøverdalen ein realitet, vil dette føre til auka verdiskaping og sysselsetting. Samtidig vil det medføre til dels store naturinngrep i eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap.

Lom kommune stiller seg positiv til at innspelet frå Per Tore Berg blir arbeidd vidare med i kommuneplanprosessen og at administrasjonen avsett nødvendige ressursar til dette arbeidet. Det blir tilrådd at området blir omfatta av ein eigen kommunedelplan, og dermed skilt ut av kommuneplanens arealdel. Dette arbeidet bør starte etter at det ligg føre eit tilfredsstillande forprosjekt frå forslagsstillar. Dersom forprosjektet viser at det er grunnlag for å gå vidare med planane må kommunen ta stilling til revidering av gjeldande planstrategi og planprogram for kommuneplanen. Geografisk avgrensing av planområde vert gjort ved varsel av oppstart på kommunedelplanprosessen.

Saksutgreiing

På kommunestyremøte 15.11.17 informerte Per Tore Berg om moglegheita for eit alpinanlegg i Bøverdalen. I etterkant av møtet har Berg, som forslagsstillar, bedt om ei uforpliktande attendemelding frå kommunestyret om deira syn på eit slikt tiltak. Etter eit møte i administrasjonen vart det i e-post sendt til Berg 28.11.17, bedt om eit skriftleg innspel til kommuneplanens arealdel som burde innehalde følgjande for å legge fram ei sak for kommunestyret:

- *Ei kartfesta yttergrense for arealet som er tenkt nytta til dette føremålet*
- *Eit kartfesta omriss av det som er tenkt til hyttebyggingsføremål*
- *Ei skildring av tiltaket på nåverande tidspunkt*
- *Orientering om forprosjekt med innhald og framdrift*

Per Tore Berg kom 22.01.18 med innspel til kommuneplanens arealdel. Samstundes ber Berg kommunestyret vurdere om det er føremålstenleg å utarbeide ein kommuneplan for området i Bøverdalen som er tenkt til alpinanlegg og hytteområde (Åmoten – Leirmo – Galdesand – Mytingen - Brennkampen – Ljoslia – Sygardsjøen samt fjellområdet opp mot Svartkampein, Juvasshø og Galdhøe utanfor nasjonalparkens grenser).

Det presiserast også at som eit resultat av møte med grunneigarar, administrasjonen og ordførar i Lom kommune, ynskjer styret i Ljoslia sameige, i samråd med private grunneigarar og med tilslutning av Statskog, ein uttale frå kommunestyret i Lom.

Ut frå innspelet er det lista opp attendemeldingane på dei fire punkta nemnd i e-posten frå 28.11.17:

Ei kartfesta yttergrense for arealet som er tenkt nytta til dette føremålet

Sjå vedlegg - Åmoten – Leirmo – Galdesand – Mytingen - Brennkampen – Ljoslia – Sygardsjøen samt fjellområdet opp mot Svartkampein, Juvasshø og Galdhøe utanfor nasjonalparkens grenser.

Eit kartfesta omriss av det som er tenkt til hyttebyggingsføremål

Sjå vedlegg – rosa område.

Ei skildring av tiltaket på nåverande tidspunkt

Prosjektets mål er:

Etablere og utvikle en bærekraftig og konkurransedyktig alpindestinasjon med alpint format og driftsprofilsom man ellers bare finner i alpane og som tiltrekker besøkende fra hele Europa med hensyn tatt til naturområder og kulturlandskap.

Infrastruktur

Etablering av tilkomst og parkering for bilar og bussar (Flata (Vassmyre)), samt veg, vant og avløp (Flata (Vassmyre) – Mytingen).

Hytte- og leilighetsområde

Etablering av hytte- og leilighetsområde med tilhøyrande infrastruktur i området ved Mytingen.

Installasjonar

Etablering av gondolbanar med tilhøyrande stasjonar og installasjonar.

Alpinløyper og tilfartsløyper

Etablering av løypetrasear (sjå vedlegg) og tilfartsløyper knytt til framtidig plassering av m.a. hytter.

Kunstsnø-anlegg

Etablering i deler av området med vatn-uttak.

Detaljerte tiltak

Etter framtidige drøftingar med grunneigarar.

Orientering om forprosjekt med innhald og framdrift

«Jeg ser det derfor som naturlig å returnere med svar på Lom kommune sin henvendelse knyttet til forprosjekt etter en snarlig nødvendig avklaring med grunneiere og øvrige impliserte parter så raskt som mulig etter at kommunestyret har vurdert saken og kommet med en uttalelse.»

Avslutningsvis i innspelet til kommuneplanens arealdel skriv Berg:

«På nåværende tidspunkt vurderes det som viktig at nødvendige avklaringer som kan være raskere enn å fastsette kommuneplanens arealdel vil ha stor betydning for muligheten til videre fremdrift.»

Vurdering

Alle nye arealformål som takast inn i kommuneplanens arealdel som ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan, må konsekvensutgreia. Det same gjeld for ein kommunedelplan. Grunna områdets utstrekning og kompleksitet vil ei konsekvensutgreiing bli omfattande og tidkrevjande. Størrelsen på det tenkte alpinanlegget vil prege arealdelen som den største endringa i arealformål frå gjeldande plan.

Om det vert tilrådd å utarbeide ein kommunedelplan for området i Bøverdalen inneber dette at den kommunale planstrategien (vedteken av kommunestyret 27.10.16) må endrast, og det same må kommuneplanens vedtekne planprogram (vedteken av formannskapet 15.06.15). I både planstrategien og planprogrammet står det at alle kommunedelplanar i kommunen, bortsett frå kommunedelplan for Fossbergom, skal implementerast i kommuneplanens arealdel.

Ved eventuell utarbeiding av ein kommunedelplan, er det viktig at den omfattar eit så stort område at alt areal som blir direkte og indirekte påverka av prosjektet blir med innanfor avgrensinga. Fordelen er at tempo og framdrift i planprosessen for ein slik plan kan gå uavhengig av arbeidet med resten av kommuneplanens arealdel. Ulempa er at ein med utarbeidingsa av to parallelle planar kan miste noko av heilheita i kommuneplanarbeidet. Ein anna konsekvens av å opne opp for ein kommunedelplan i Bøverdalen, er at dette kan skape presedens for andre område i Lom kommune som ynskjer ei tilsvarende løysing.

Om kommunen vel å arbeide vidare med Per Tore Berg sitt forslag i kommuneplanprosessen vil det derfor ha som konsekvens at det krev auka ressursbruk frå administrasjonen, og/ eller at kostnader til bruk av eksterne rådgjevingsfirma vil auke.

Alpinplanane i Bøverdalen er fortsatt i ei tidleg fase, og eit forprosjekt frå forslagsstillar må på plass før det er mogleg å sjå både realismen og konsekvensane av prosjektet. Det er derfor for tidleg for kommunestyret å ta ei endeleg stilling til prosjektet, men dei kan gi eit førebels signal til forslagsstillar og grunneigarane. Lom som reiselivsdestinasjon slit med store sesongsvingingar, der vinteren er ein lågsesong.

Dersom planane om eit alpinanlegg i Bøverdalen blir ein realitet, vil dette føre til fleire arbeidsplassar, auka verdiskaping og ein meir robust heilårsdestinasjon. Samtidig vil planane medføre til dels store naturinngrep i eit område som er definert som eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap.